



**KALDT:** Anne Karin Bjørke kjenner med ein gong ein kulde enkelte plassar på kjøkkenet og inn mot gangen. Ho set opp ei imaginær lyssøyle for å lede det vesle spøkjelset som går att, over til «den andre sida».

JAKTEN PÅ  
KJÆRLIGHETEN-  
PARET: Øyvind  
Leine Thune og  
Elise Edvardsen.

# «Ghostbuster» HJÅ JAKTEN-PARET

Då det tok til å skje uforklarelege ting heime hjå Elise Edvardsen og Øyvind Leine Thune, fekk dei hjelp frå Anne Karin Bjørke på Geilo.  
Ho kan drive ut spøkelse. ➤

Tekst og foto: Line Sandvik



**MANGE HISTORIER:** Nils Leine Thune (t.v.) kan mange historier om heimgarden Sørre Thune i Vang i Valdres. Jakten på Kjærligheten-paret Øyvind Leine Thune og Elise Edvardsen går spennande tider i møte. er det noko som ikkje stemmer. Anne Karin Bjørke frå Geilo er der for å reinske huset for spøkjelse.

## » Eg har ofte opplevd at dei som er mest i tvil, er dei som har kome til meg med saker i ettertid og vorte mest overbeviste

ANNE KARIN BJØRKE, SPØKELSESEUTDRIVAR

**G**arden Sørre Thune i Vang i Valdres ligg bada i sommarleg lys. På tunet kjem to vakre hundar springande. Sommarblomane omkransar dei gamle, ærverdige bygnadene. Ingen skulle tru at her var noko utanom det vanlege. Men at den moderne downlighten på kjøkkenet lever sitt eige liv og at dei firbeinte reagerer på tilsynelatande ingenting inne i huset, har etterkvar vekt uro hjå det ferske paret, kjent frå TV-serien «Jakten på kjærligheten». No i det siste har det vore uvanleg mykje aktivitet.

– Dei veit eg kjem, seier klarsynte Anne Karin Bjørke frå Geilo. Og då tenker ho ikkje på vertskapet ...

På trammen tek Øyvind Leine Thune imot. Han står der saman med sambuuar Elise Edvardsen. Dei fekk full klaff på TV2. I oktober ventar dei barn. Førebels er det dei to hundane som får mest merksemd. Og spøkelset på kjøkkenet, då.

### Uvanleg aktivitet

– Det starta med ein telefon til dyretolk og healer Anne Karin Bjørke på Geilo. Eg ville at ho skulle hjelpe meg med den eine hunden min, fortel Elise.

Rex virka så sint. Han kunne plutselig bjeffe ut i lufta, mellom anna når han var inne i huset. Under pratene med dyretolken kom dei inn på at

det var mykje «aktivitet» på garden. Lydar og blinking med lysa på kjøkkenet var noko av det. Elektrikarar har vore og sjekka – utan at dei fann noko uvanleg. I tillegg hadde Elise kjent seg uvanleg sliten og trøytt etter at ho flytta inn til Øyvind i eit av dei gamle husa på garden.

### «Såg» to karar

Bjørke fortel at uønskte eller negative energiar kan påverke oss med dårleg sovn, vondt i hovudet og slik at me ikkje blir er heilt oss sjølve. Lufta inne kan vere tung, og humøret vårt kan skifte.

– Eg «fekk inn» at det var to karar som gjekk att på garden, ein av dei var

lungenesjuk, fortel ho. Eine karen skal ha gått mot eit lite hus – gong på gong.

I ettertid syner det seg at gardsfolket tidlegare har fått hjelp av Lilli Bendriss frå «Åndenes makt» på tv. Ho fjernrenska huset og fekk mellom anna gardsfolket til å flytte geværa ut av huset. – Og i stabburet ligg desse geværa no. Den eine karen vandra dit geværet hans var, seier Bjørke. Ho fortel at ho fekk sendt desse karane over til «andre sida», som ho seier, ved hjelp av lysportalar eller søyler.

– Eg ber om hjelp frå den andre sida, fortel ho likevel som om ho pratar om det mest naturlege i verda.

– Og det vart lettare her etter rensinga, fortel Elise. Øyvind



I oktober blir dei foreldre. Men spenninga i kvardagen vil dei gjerne bli kvitt. I det gamle huset deira

nikkar samd. Han har no vorte overbevist.

– Og i starten tykte han eg var heilt galen, smiler Elise.

#### Lita jente

I tillegg fekk Bjørke «syn» om ei lita jente på kjøkkenet hjå Elise og Øyvind. Ho seier det er heilt vanleg at dei som har levd før blir facinerte av elektrisk lys, tv og radio.

– Difor fiklar ho med lysa her, fortel Anne Karin Bjørke.

Ho seier det som om det er ein heilt normal observasjon. Og for henne er det nettopp det. Kvardagen hennar består nemleg i å tolke dyr, finne att saker og ting, heale – og no i den seinare – «renske» hus for folk. Dei vil rett og slett bli kvitt spøkelsa.

At andre meiner ho er galen, tek ho med knusande ro.

– Eg ser på dette som heilt

naturleg og normalt. Som intuisjon eller magekjensle. Eg har ofte opplevd at dei som er mest i tvil, er dei som har kome til meg med saker i ettertid og vorte mest overbeviste, fortel ho.

Den vesle jenta som er hevdå å gå att på Sørre Thune sit, ifølgje den klarsynte, i vindaugsposeten på kjøkkenet. Ho er ein stad mellom fem og seks år gammal, og har kvit kjole på seg. Og ho er berrføtt.

– Eg får for meg at ho har drukna på garden her. I ein bekke eller elv, fortel Bjørke. Og det renn ein elv like forbi. Ho legg til at dei som går att ofte har ein beskjed å koma med, og fortel at den vesle jenta fortalte henne om eit dyr som var sjukt. Dette ringde ho til Øyvind Leine Thune og fortalte om.

– Og det stemte. Det var ein sjuk okse i fjøset, smiler ho.

Denne fjernheala ho – og den vart visstnok heilt frisk. I tillegg trur Bjørke at den vesle spøkelse-jenta gjerne vil passe på den komande babyen. Elise tek hendene vernande over magen sin. Ho likar ikkje heilt den meldinga. Vesle Christoffer kjem til verda i oktober. Oppkalla etter bestefaren til Øyvind.

#### Ikkje skummelt

Bjørke har dei siste dagane før gardsbesøket fått syn om ei kvinne som går att på garden i Vang. Ei myndig dame med klede frå 1700-1800-talet. Eigarane fortel at bråket har vore meir intenst siste dagane.

– Eg trur ho er komen for å hjelpe meg å leie den vesle jenta over på andre sida. Ho har nok vore her på garden heile tida, trur Bjørke.

Far til Øyvind, Nils Leine ☺



**MUNNLADAR:** Geværet vart lagt i stabburet etter oppmoding frå den kjende spøkelsesutdrivaren Lilli Bendriss. Anne Karin Bjørke «såg» ein kar som vandra mot stabburet. Er dette våpenet hans?



**MADAM ANCHER:** 1700-talets styrar av skyssgarden, Madam Anchær, skal ha vore ei bestemt dame. Ifølgje spøkelsesutdrivaren Anne Karin Bjørke kom ho for å hjelpe til med å lede den vesle spøjelsesjenta over til andre sida.



## » Me kan aldri døy. Energiane våre lever vidare.

ANNE KARIN BJØRKE, SPØKELSEUTDRIVAR

Thune, kan mange historier om Sørre Thune, mellom anna om Madame Ancher som dreiv skysstasjon der. Mette Dorothea Ancher, født Geelmuyden, levde frå midten av 1700-talet. Ho kom frå Leikanger i Sogn. Historia fortel at foreldra hennar hadde losji på denne garden før ho var født. Då skal visstnok systera hennar ha døydd. Bjørke tur det kan vere den vesle jenta som går att. Madamen sjølv vart som 17-åring gift med den gamle presten i bygda og innleidde etter kvart ein romanse med kapellan Ancher, som ho seinare vart gift med. Det er og skrive bok om denne dama. Thune har med seg ein kopi av eit måleri som han syner fram.

- Ja. Henne er det, bryt Bjørke ut når ho får sjå det gamle biletet. Ho legg til at sjølv om ho reinskar eit hus, kan det hende spøkelsa kjem attende. Det hender og at dei ikkje vil over. Då gjeld

det å lokke og lure. I tillegg er Bjørke nøy med å verne seg sjølv. Jorde seg, som ho kallar det.

- Eg koplar meg av og på. Eg lever i denne verda, men koplar meg på den andre verda, fortel ho heilt alvorleg. På same måte som dyra kan ho «sjå» dei som er attende i denne verda etter at dei er døde. Så smiler ho og fortel at mange spøkelse likar å erte. Som å gøyme ting.

- Det er energiane deira som heng att. Ofte er det noko u gjort, dei har ei oppgåve å gjere eller så har dei ein beskjed å kome med, fortel ho.

Ifølgje Bjørke er det berre eit slør mellom denne verda og den andre. At det er spøkelse det er snakk om, synest ikkje er noko farleg.

- Det er ikkje noko skummelt. Einaste eg kjenner er kulde.

Og kulde, seier Bjørke, kjenner ho med ein gong ho kjem inn i huset til

Elise og Øyvind. Det er fyrste gong ho er på garden. Spesielt ein plass i gangen, nær kjøkkenet, kjenner ho kulda. I tillegg til eit område ved kjøkkenglastet.

- Og så heng dei seg på meg. Dei veit dei skal over, seier ho fast. Elise tykkjer det er skummelt. Ho er faktisk litt redd for det heile.

- Eg tykkjer i alle fall det er følt om det er vaksne spøkelse. Born kan eg alltid klare, smiler ho forsiktig. Men helst vil ho ha dei vekk. Bjørke lovar å leggje ekstra vern på Elise, i tillegg til å lede spøkjelsa over til den andre sida.

### Spøkelsehjelp

Bjørke går frå rom til rom og kjenner. Og renskar. Ho ser ut til å vera i djup konsentrasjon. Munnen rører på seg, men me høyrer ikkje kva ho seier. Hendene liksom kjenner litt ut i lufta.

- Kva er det du gjer?

- Eg lagar lyssøyler dei kan gå gjennom for å kome til andre sida. Og legg til at den vesle jenta kjempar litt og vil ikkje over. Men Madame Ancher dreg henne i armen og får ho over.

- Du fekk altså hjelp av eit spøkelse?  
- Ha ha, ja du kan seie det slik, smiler Bjørke. Ho legg til at det vart roleg i huset no. Ikkje var det ein vanskeleg jobb heller. Kanskje takk vere Madame Ancher.

- Og no er det varmt her, seier Bjørke og fører armane over punkta som ho tidlegare sa var kalde.

- Så no er spøkelsa borte?  
- Ja, no er det roleg her, seier Bjørke og tek ein runde for å sjekke  
- Finst verkeleg spøkelse?  
- Me kan aldri døy. Energiane våre lever vidare. Det har med kvantefysikk i gjere, seier ho.

 VIDEO PÅ [Hallingdølen.no](#)



- Korleis klarar du eigentleg å reinske eit hus?

- Tankens kraft er utruleg sterk. Vil du noko nok - får du det til, svarar den klarsynte og smiler. Ho er van med spørsmål som dette. - Eg er klarsynt - og klarhøyr. Det kjem godt med når eg leiter etter hundar for eksempel, fortel ho. Då kan ho «høyre» om det er lyder i nærliken der hunden er. Sakna-saker, som ho kallar det, er elles vanskelege saker. Ho har og funne vasslekkasjar og reinska mange stader som ligg i nærliken av gamle kamplassar for vikingane.

- Ikkje så mange som driv med sakna-saker. Det er tungt og utruleg mykje jobb. Men så er det og den klasiske lommeboka som låg på biltaket - og no er vekke, smiler ho.

Å vere i lag med Anne Karin Bjørke ein dag gir innsyn i ei spennande verd me sjeldan er innom.

- Me er så stressa i dagens samfunn, at me knapt kjenner på magekjensla eingong, seier ho. Ho fortel om aura, spokelse i Hallingdal - og om smykke.

- Smykke har mange energiar, fortel ho. - Arvar du eit gamalt smykke, kan det vere lurt å helle vatn over det før du brukar det, fortel ho.

#### Må kome attende

I det me tek farvel med Øyvind og Elise, blir dei samde om at Anne Karin Bjørke må kome attende når ungfolket på garden skal ta over til hovudhuset. I huset kor Madame Anchors levde og regjerte og heldt styr på skysstasjonens gjester - som og var reisande embetsmenn som skulle til Eidsvoll for å forme ut Norges grunnlov.

- I det huset er det mykje, seier Bjørke bestemt. Meir er det ikkje å seie om den saka.

**ROLEG:** No håpar «Jakten på Kjærligheten»-paret at det blir rolegar i det gamle huset dei bur i. Anne Karin Bjørke har sendt spøkelsa over til den andre sida.

## OVER KAFFIKOPPEN

### La humla suse

Sommarstid er eg glad i å ligge i Hengenkøya og la humla suse.

Det er forresten eit uttrykk med mange meininger.

Først trudde eg det hadde med ølbrygging å gjere, at det var eit steg i prosessen.

Så fortel ordboka at det er eit uttrykk som handlar om «å leve det gode og sorglause liv».

Det er eg god til.

Men det er også eit uttrykk med mykje alvor i.

For den dagen humla sluttar å suse, er det bokstaveleg tala fare på ferde.

Eg heldt på å dette ut av koya ein edag eg hadde lagt meg til for å lese Aftenposten.

Skulle alle humler og bier bli borte, stod det, har menneskeheita att berre fire år å leve.

Dei syter nemleg for at plantelivet på jorda går vidare. Utan det vil all matvareproduksjon stoppe opp.

Men det er fare på ferde. Humler og bier i minkande tal. Enkelte stader utryddingstruga.

Og på dette området er Norge ein verdsting. Fleire av våre humlearter er alt borte.

Årsakene er fleire. Men ei av dei viktigaste er at me importerer planter som er framande for den norske floraen.

Parklind er eit slikt tre. Det er ein hybrid, ala fram for eit bestemt formål, og er blitt eit dominante treslag i norske parkanlegg. Og stadig finn ein store flokkar med daude humler under parklind-trea.

Dette må det bli slutt på.

Eg har difor innført strakstiltak her på godset. Det er kunngjort øyeblikkeleg freding av bier og humler. Det er ikkje lov å daske eller slå etter dei. Kvefs er eg meir i tvil om.

Fredingstiltaket er kunngjort på store plakatar med tydeleg skrift.

Så er det ikkje så mykje meir eg kan gjere. Difor krabbar eg opp att i hengenkøya og lar humla suse vidare.

Det er ein vakker lyd ... .

SIGVE

